



Statens vegvesen

Referat

Dato: 05.04.2018
Tid: 10.00–12.00
Referent: Marianne Skulstad

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / tlf. 55 51 62 53
Vår dato: 23.05.2018
Vår referanse:

Møte om vegsystem for områderegulering Midtmarka/Rotemyra på Flatøy

Stad: Nygårdsgaten 112, Bergen

Møteleiar: Marianne Skulstad

Til stades: Meland kommune: Anny Bastesen, Alexander Helle, Kristin Nåmdal.
Statens vegvesen: Hege Løtveit, Jannicke N. Olsen, Frode M. Aarland, Kjell Erik Myre, Marianne Skulstad

Forfall: Sindre Lillebø, Statens vegvesen

Kopi: Fyll inn.

Ansvar / frist

Bakgrunn for møtet

Det vart halde møte mellom Statens vegvesen, Meland kommune og plankonsulent 7.februar 2017 om vegtilknyting for område Midtmarka/Rotemyra på Flatøy. Etter dette har kommunen og konsulent arbeidet vidare med skisser for lokalvegsystem på Flatøy og kryssløysing mot E39.

Statens vegvesen fekk tilsendt skisser i februar/mars 2018, og det var planlagt møte for gjennomgang av teikningane. Statens vegvesen melde tilbake før møtet at ei ikkje kunne fastsetje løysingar for framtidig vegsystem før ein har kome lenger i planarbeidet for E39. Val av kryssløysing, fastsetjing av bruplassering og brutype må vere avklart før ein kan vurdere kryssteikningar.

Ansvar / frist
<p><u>Status for områderegulering for Midtmarka/Rotemyra</u></p> <p>Meland kommune er oppteken av framdrift i områdereguleringa, og treng å få på plass løysingar som med sikkerheit let seg gjennomføre. Plandokumenta nærmar seg ferdige, og kommunen er difor oppteken av at det planforslaget som vert lagt frem kan gjennomførast.</p>
<p>Vegstruktur mellom utviklingsområda og tilknyting til eksisterande kryss sør på Flatøy vert fastsett i områdereguleringsplanen. Alle utviklingsområda får krav om detaljregulering. Kommunen er samd i at områdereguleringsplanen ikkje skal detaljregulere kryssområdet til E39, men er oppteken av at ein sikrar at utbyggingsområdet får god tilknyting både til dagens E39 og framtidas E39. Ein forventar at E39 vil liggje uendra i relativt lang tid.</p>
<p>I tidlegare møter er det avklart at ein bør leggje til rette for fleire utbyggingstrinn, og ein må unngå at utviklingsområdet endar opp som eit lite byggjeområde, hindra av rekkjefølgjekrav som ikkje kan oppfyllast.</p>
<p>Kommunen ønskjer å sikre at ein i andre byggjetrinn kan bygge eit 2-planskryss med kopling mellom lokalvegnettet og dagens E39 nord på Flatøy. Dei ønskjer no å få vurdert om løysingane som er utarbeidd tilfredsstiller gjeldande krav, og få ein garanti på at dei let seg gjennomføre. Det er svært viktig for Meland kommune at Midtmarka/Rotemyra-området får god tilkoppling til Knarvik.</p>
<p><u>Status for kommunedelplan for E39 Flatøy – Eikefettunnelen (KDP)</u></p> <p>Planprogram for kommunedelplanen er godkjent i både Meland og Lindås kommunar. Statens vegvesen har venteleg avtale med konsulent for planarbeidet før sommaren 2018. Deretter treng ein minst 2 år for utarbeiding av planforslag.</p>
<p>I planarbeidet vil ein lage eit forprosjekt for ny bru over Hagelsundet, der ein gjer naudsynte utgreiingar for å fastsetje aktuelle brutypar og bruplassering. Dette vil ha innverknad på både vegline, kryssplassering og kryssløysing på Flatøy. Endelige vurderingar knytt til dette må difor gjerast som del av KDP-arbeidet. Tilknyting til lokalvegnettet og framtidig bruk av dagens Hagelsund bru vil òg vere del av KDP-arbeidet. Det er ein premiss at alle trafikantgrupper skal sikrast god tilknyting frå Flatøy nord til Knarvik. Eit alternativ som vil bli vurdert er om dagens Hagelsund bru skal bli sett av til gåande og syklande.</p>
<p>Det skal oppretta styringsgruppe for KDP-arbeidet, der avklaringar blir gjort underveis i planarbeidet. Begge kommunane blir representert i styringsgruppa.</p>

	Ansvar / frist
<p>Meland kommune ynskjer at forprosjekt for ny bru over Hagelsundet vert prioritert i ein tidleg fase av arbeidet med KDP Flatøy–Eikefettunnelen, då val av brudype og plassering vil vere viktig for vidare utvikling av planområdet Midtmarka og Rotemyra.</p> <p><u>Oppsummering av diskusjonen</u></p> <p>Ein er einig om at ideelt sett burde KDP'en vore vedteke før områdeplanen vert lagt ut på høyring. Det er imidlertid for lenge å vente, og Meland kommune treng framdrift i planarbeidet i mellomtida.</p> <p>Ettersom lite er avklart rundt trasé, bru- og kryssløysingar, vil det førebels vere trong for relativt stor buffer for å handtere usikkerheten og sikre at løysingane let seg gjennomføre.</p> <p>Når KDP'en er godkjent kan vegtrase og kryss med E39 detaljregulerast og byggast i tråd med vedtekne prinsippløysingar. Dette kan gjerast av kommune eller utbyggar, i samarbeid med Statens vegvesen. Løysinga må fungere godt både med gamal og ny E39.</p> <p><u>Vidare arbeid</u></p> <p>I det vidare arbeidet skal ein fastsette ei grense for kva sone som må setjast av til vegformål inntil KDP'en er vedteke. Det er eit mål at grensa vert så smal som mogleg, men samstundes sikrar nok areal til bygging av veganleggjet.</p> <p>Det er viktig for Meland kommune å få avklart at det let seg gjere å etablere eit 2-planskryss tilpassa både dagens vegløsing og framtidig vegløsing med ny bru for E39. Med bakgrunn i dette skal konsulenten utarbeide eit notat/gjere ei vurdering av aktuelle kryssløysingar og om ovannemnde er mulig. Det må gå fram av notatet kva kriterier (hastigkeit, rampelengder m.m.) som er lagt til grunn, og kva fordelar og ulemper dei ser i høve til andre mål i planarbeidet. Notatet og aktuelle teikningar vert sendt samla til Statens vegvesen for vurdering.</p> <p>Statens vegvesen vurderer prinsippa i skissene, før vi gir tilbakemelding på kva som eventuelt bør endrast i skissene. Deretter kan ein vurdere kva område som må setjast av i områdeplanen for å sikre framtidig areal til E39. Det vert vurdert underveis om vi bør ha eit møte der Meland kommune tek med vegplanleggaren.</p>	